

ØRSKOG KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

Kopi til: Ordfører  
Revisor  
Rådmann

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I ØRSKOG KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Torsdag, 23.05.2019 kl. 15.00 på rådhuset.**

**SAKLISTE:**

- Sak 06/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 29.11.2018
- Sak 07/19 - Årsmelding 2018 Ørskog kommune.
- Sak 08/19 - Årsrekneskap 2018 for Ørskog kommune.
- Sak 09/19 - Årsmelding 2018 Ørskog kontrollutval.
- Sak 10/19 - Førespurnad frå Astrid Øvstedal om Ørskog kommunes oppfølging av byggesak gnr. 76 bnr. 1
- Sak 11/19 - Orientering om nye Ålesund.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post [bjorn.tommerdal@sksiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no)

May-Sissel Osvik  
leiar  
(sign.)

## **Sak 06/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 07.03.2019**

### **KONTROLLUTVALET I ØRSKOG KOMMUNE**

#### **MØTEBOK**

Møtedato: 07. mars 2019 kl. 15.00

Møtestad: rådhuset

Møtet vart leia av May-Sissel Osvik.

Elles til stades:

Målfrid Sjøstad, Kaja Kongsnes og Olav Jan Bårdsgjerde.

Meldt forfall: Øystein Eide

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte revisor Solrun Aannø Tusvik.

Ordfører Knut Helge Harstad var tilstades under heile møtet.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakslista vart godkjent.

---

## **Sak 01/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 29.11.2018**

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 29. november 2018 blir godkjent.

---

## **Sak 02/19 - Ny kommunelov - nye reglar på området for kommunen sin eigenkontroll.**

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 28. februar 2019.

### **Kontrollutvalsekretariatet si innstilling til vedtak:**

1. Kontrollutvalet har merka seg reglane i ny kommunelov når det gjeld området for den kommunale eigenkontrollen.
2. Kontrollutvalet bed kommunestyret ta saka til orientering.

**Kontrollutvalsleiar May-Sissel Osvik fremma på vegne av utvalet følgjande forslag til nytt punkt 1:**

Ørskog kontrollutval tilrår Nye Ålesund å opprette eit kontrollutval med minst 7 medlemmar for perioden 2020 – 2024.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Ørskog kontrollutval tilrår Nye Ålesund å opprette eit kontrollutval med minst 7 medlemmar for perioden 2020 – 2024.
  2. Kontrollutvalet har merka seg reglane i ny kommunelov når det gjeld området for den kommunale eigenkontrollen.
  3. Kontrollutvalet bed kommunestyret ta saka til orientering.
- 

**Sak 03/19 - Årsrapport 2018 Nordre Sunnmøre Kemnerkontor og skatterekneskap 2018 for Ørskog kommune.**

Sakspapirer frå kontrollutvalsekretariatet datert 28. februar 2019.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

---

**Sak 04/19 - Sekretariat for kontrollutvala fra 2020.**

Sakspapirer fra kontrollutvalgsekretariatet datert 28. februar 2019.

**Kontrollutvalget sitt samrøystes vedtak til innstilling:**

**Fellesnemnda for (Nye) Ålesund kommune og fellesnemnda for Fjord kommune gjer slikt likelydande vedtak:**

1. Fellesnemnda syner til eigarkommunane sine vedtak om endring av selskapsavtale for Sunnmøre kontrollutvalsssekretariat IKS (SKS IKS).
  2. Fellesnemnda sluttar seg til kontrollutvala sine felles tilrådingar om å vidareføre det interkommunale samarbeidet om kontrollutvalsssekretariat i regi av SKS IKS.
- 

**Sak 05/19 - Melding frå økonomisjef angående utrekning av kostnader ved å bu på Ørskog Sjukeheim.**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek utgreiinga frå økonomisjef Magny Dyrkorn angående utrekningskostnader ved å bu på Ørskog sjukeheim til vitande.

**Eventuelt:**

På neste møte ønskjer kontrollutvalet ei orientering og oppdatering frå rådmann på Nye Ålesund. Utvalet ønskjer nærare informasjon om lokal styrings/politisk modell i dei gamle kommunane og kva aktivitetar som skal vere i Ørskog rådhus.

Møtet var slutt kl. 15.45

May-Sissel Osvik  
leiar  
(sign.)

Målfrid Sjøstad  
nestleiar  
(sign.)

Kaja Kongsnes  
medlem  
(sign.)

Olav Bårdsgjerde  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Ørskog kommune

Dato: 16.05.2019

**SAK 07/19  
ÅRSMELDING 2018 – ØRSKOG KOMMUNE**

Som pdf vedlegg følger:

- Årsmelding 2018 – Ørskog kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2018 for Ørskog kommune til vitande.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Ørskog kommune

Dato: 16.05.2019

**SAK 08/19  
KOMMUNEREKNESKAPEN 2018 – ØRSKOG KOMMUNE**

Som pdf vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2018 – Ørskog kommune
2. Ørskog kommune - kommunerekneskapen 2018

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**uttale :**

Ørskog kommune sin rekneskap for 2018 blir godkjent.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Kopi: Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen

Til kommunestyret i Ørskog

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Uttale om årsrekneskapen

#### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Ørskog kommune som viser kr 141 862 715 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meir/mindreforbruk på kr 0. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Ytterlegare informasjon*

Rådmannen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje slik øvrig informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

### *Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til:

[www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger)

### **Uttale om andre lovmessige krav**

#### *Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 15. april 2019



Knút G. Alnes

oppdragsansvarleg revisor



Solrun Aannø Tusvik

revisjonsrådgjevar



## **Sak 09/19 Årsmelding 2018 for Ørskog kontrollutval.**

Det blir vist til vedlagte forslag til årsmelding.

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **vedtak:**

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 16. mai 2019 blir vedteke som årsmelding 2018 for Ørskog kontrollutval.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutval sekretariat

# ØRSKOG KONTROLLUTVAL

## ÅRSMELDING FOR VERKSEMDA I 2018

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 77 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

- tilrettelegge forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre
- og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet og med sikte på ei bærekraftig utvikling.
- Legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rollen sin. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2018 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna måla.

Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 15. juni 2004. I forskrifta er det gitt reglar for val og samansetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapan skjer på ein tilfredstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eigarskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i.

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

Etter valet i 2015 har kontrollutvalet hatt denne samansettinga:

Leiar: May Sissel Richardsen Osvik  
Nestleiar: Målfrid Sjøstad  
Medlem: Kaja Kongsnes  
Medlem: Olav Jan Bårdsgjerde  
Medlem: Øystein Eide

## ***Aktiviteten i året***

Kontrollutvalget har hatt 5 møte i 2018 og behandla 20 saker. Dette er eit resultat av det behovet kontrollutvalet har hatt for å ta opp aktuelle saker.

Møtebøker frå kontrollutvalet sine møte blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyret får dermed løpande oversikt over aktiviteten i kontrollutvalet. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret blir det sendt særutskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Eit viktig bidrag her har vore den årlege kontrollutvalkonferansen. Når kontrollutvalget har ønska meir informasjon om kommunen si verksemd og samtidig gjere eigen funksjon meir kjent, har rådmannen blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sine rekneskap og årsmelding, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpande oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon mellom anna gjennom behandling av kommunen sine økonomirapportar.

Vidare har kontrollutvalet arbeidd med plan for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll av ÅRIM og fleire orienteringar om status i Nye Ålesund kommune. Kontrollutvalet har sendt over sak til kommunestyret om reglar for fritak av folkevalde. Videre har kontrollutvalet fått orientering frå rådmann om GDPR direktivet (personvernopplysningar) og omvising og orientering om nye Ørskog skule.

Kontrollutvalet har også fått ymse orienteringar knytt til skiping av nytt kommunerevisjon selskap og behandla revisjonsstrategi 2019 og oppfølging av enkelttema frå revisjon 2017.

Medlemne i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke dette arbeidet. Kontrollutvalet har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdige for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar. Tilsyns- og kontrollordninga skal medverke til å skape legitimitet til desse prosessane med ei kritisk og konstruktiv tilnærming. For å nå dette målet har det vore viktig med ein konstruktiv dialog med kommunen si leiing.

May-Sissel Osvik  
leiar  
(sign.)

Målfrid Sjøstad  
nestleiar  
(sign.)

Kaja Kongsnes  
medlem  
(sign.)

Olav Bårdsgjerde  
medlem  
(sign.)

Øystein Eide  
medlem  
(sign.)

## **Sak 10/19 Førespurnad frå Astrid Øvstedal om Ørskog kommunes oppfølging av byggesak gnr. 76 bnr. 1**

*Vedlegg: brev frå Astrid Øvstedal til leiar i Ørskog kontrollutval, datert 19. april 2019*

### **Bakgrunn:**

Leiar May Sissel Osvik har motteke brev og dokumentasjon frå Astrid Øvstedal angående kommunen si oppfølging av byggesak gnr. 76, bnr. 1, Grønlistølen, Vaksvika.

I brevet syner avsendaren til fleire område kor ho meiner Ørskog kommune har opptreidd lite tillitsvekkjande. Det framkjem påstandar om manglande bruksløyve, ulovleg oppføring, ingen reguleringsplan og fråver av kommunikasjon med berørte partar.

Rådmann vil i kontrollutvalets møte gi ei orientering kring status i saka. Kontrollutvalet bør drøfte innhaldet og påstandane i brevet i lys av orienteringa til rådmannen.

Vidare bør kontrollutvalet med bakgrunn i orienteringa avgjere om denne saka skal handsamast vidare av Ørskog kontrollutval. I så fall bør utvalet konkretisere nærare kva område av brevet ein ynskjer å sjå nærare på.

Ein grunnregel i alt kontrollutvalarbeid er å ha fokus på systemkontroll: er det svikt i den kommunale sakshandsaminga eller at kommunen ikkje følgjer lover og reglar. Samstundes bør kontrollutvalet vere varsam med å gå inn i sakar som er under politisk behandling eller er overlevert fylkesmann (jfr Kontrollutvalshandboka, side 30).

På bakgrunn av den informasjonen som er komen fram i ovanstående og som no er forventa å verte nærare klargjort i kontrollutvalsmøtet, bør altså utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming.

Saka vert etter dette lagt fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Kontrollnemnda,  
Ørskog Kommune  
6240 Ørskog

Gjelder utbygging av hytte på Grønlistølen 76.1 i Vaksvik, 6240 Ørskog.

Etter avtale har eg kopierte ein god del av saka (Meir ligg på Ørskog Kommune, bilder, meir utfyllande rapporter/klager, men her skulle vere nok å ta av)

Denne saka har vore eit «mareritt» natt og dag no i snart 3 år. Vi føler oss så trakka på av både ØK og utbygger som det går an. Vi hadde aldri trutt at det gjekk an å oppleve noke slikt.. vi har ikkje ord.

Etter at utbygger endeleg etter 2 års klager, fekk byggestans/bruksforbud i juni 2018, trudde vi at noke var på gang. Men nei då, bygginga fortsette (sjå klage 24.7.18). Hytta har vore i jamnt bruk, seinast no i påska, fullt hus og flagget på topp. Ingen tenker visst på at hytta står ulovlig og uten brukstillatelse.

Saka var oppe i Planutvalget i oktober 2018 og det vart avslag på dispensasjonssøknad. Det skulle berre mangle, her er ingen reguleringsplan, og hytta er BYGT DELVIS PÅ NABOEN!

Men ØK gjer ingenting.

Ved eigarskifte for nokre år sidan, begynte vi å undersøke litt om denne leigeavtalen og hyttebygginga på 60-talet. Ingenting har vore innom verken ØK, landbruk eller Fylket, og dette var på ein sæterstøl! Det er kun tinglyst ein leigeavtale og så er hytta blitt sett opp. Sjølv då noverande eigar overtok hytta i 1983 vart ingenting sendt til ØK. Leigeavt. vart forlenga med 30 år sjølv om det på det tidspunkt berre var 10 år i gongen. Grunneigarlaget har etterlyst byggetillatelse/dokumentasjon på hytta då den var altfor nær grensa før utbygging. Har ingenting høyrte.

Det kan derfor sjå ut som denne utbygginga er på ei hytte som ikkje «fins»

6240 Ørskog 19.april 2018

Med helsing

*frå 76.1 eigar Oddbjørn Østvedal*  
*Arvid Østvedal*

Dette gløynde eg å nevne i brevet:


Etter at XXX v/ØK sende brev til utbygger og Fylkesmannen i juni 2018 snudde ho heilt om.

No instruerer ho utbygger med korleis dei måtte gjere for å kome seg utav «situasjonen» både for seg sjølv, naboer og ikkje minst ØK

Utbygger vart anbefalt å sende inn endring av opprinnelig byggesøknad og bruke det som nabovarsel til naboer som aldri hadde fått noke melding, og dermed sjå vekk frå den opprinnelige.

Så vart utbygger anbefalt å søke dispensasjon frå Plan og bygn.lova/reguleringsplan 2 år etter at bygget er ferdig. (sjå kopi av mail mellom ØK og utbygger)

Det verker ikkje særlig tillitsvekkande.



## Sak 11/19 - Orientering om nye Ålesund v/rådmann

### Bakgrunn:

Frå møteboka til kontrollutvalet 7. mars 2019:

### *Eventuelt:*

*På neste møte ønskjer kontrollutvalet ei orientering og oppdatering frå rådmann på Nye Ålesund. Utvalet ønskjer nærare informasjon om lokal styrings/politisk modell i dei gamle kommunane og kva aktivitetar som skal vere i Ørskog rådhus.*

### Fokuset til kontrollutvalet etter at vedtak om samanslåing er fatta.

Kontrollutvalet bør i denne fasen vurdere å endre fokus frå den normale bakoverskuende tilnærminga til eit meir «her og no» fokus. Det kan vere aktuelt å be prosjektleiar og rådmenn jamleg orientere om prosessen. Vidare bør kontrollutvalet hjelpe til at fokuset på internkontroll, interkommunalt samarbeid, eigarstyring mv. er på plass både i forhold til ny kommune, men også i «gammal kommune» inntil denne stansar.

På bakgrunn av den informasjonen som er forventet å verte nærare belyst i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat